

BOKN SKULE

REGLAR FOR ORDEN- OG TRIVSEL



Innhald

FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR BOKN SKULE OG SFO.....	2
1. INNLEIING.....	2
§ 1.1 Heimel.....	2
§ 1.2 Formål	2
§ 1.3 Virkeområde	2
2. REGLAR OG SANKSJONAR	3
§ 2.1 Reglar og konsekvensar for regelbrot.....	3
§ 2.1.1 Reglar for orden.....	3
§ 2.1.2 Reglar for åtfærd	3
§ 2.1.3 Reglar for kva som er uakseptabelt	3
§ 2.2 Sanksjonar	4
§ 2.2.1 Ved brot på ordensreglane kan dette skje	4
§ 2.2.2 Nærmare om inndraging	5
§ 2.2.3 Nærmare om erstatningskrav	5
§ 2.2.4 Konsekvenstrapp for Bokn Skule.....	5
§ 2.2.5 Presiseringar av reglar ved Bokn Skule	6
3. SAKSBEHANDLING	6
§ 3.1 Generelt	6
§ 3.2 Einskildvedtak	6
§ 3.3 Sanksjonar utan einskildvedtak.....	6
4.0 IKRAFTSETJING	6
§ 4.1 Ikraftsetjing	6

Forskrift om ordensreglement for Bokn skule og SFO

§ 1.1 Heimel

Med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9, samarbeidsutval 16.06.2004. Utvida pkt. 10 vedteke av SU i sak 10/06 den 05.04.2006. Endringar og omarbeiding til ein ny forskrift er drøfta i FAU og SU – Vår 2019.

§ 1.2 Formål

Bokn Skule skal fremje samarbeid, trivsel, respekt og ansvar. Skulen skal leggja grunnlaget for læring og personleg utvikling. Skulen skal være ein stad der alle elevar trivst og der kvar og ein elev kan få oppleve og bidra som ein del av fellesskapet. Bokn Skule skal være ein stad der elevane utveklar god fagleg og sosial kompetanse.

§ 1.3 Fire trivselsreglar ved Bokn Skule, SFO og skulevegen:

- Alle elevar har rett til å føla seg trygge og trivast på skulen.
- Alle elevar skal ivareta og inkludera kvarandre.
- Alle elevar har rett til å utvikla fagleg, digital og sosial kompetanse.
- Alle elevar har rett til å oppleve læring, meistring og samhold.

Det felles ordensreglementet skal fremja ein likskap kva angår reglar, reaksjonsformar og sakshandsaming.

§ 1.4 Virkeområde

Ordensreglementet omfattar Bokn skule og Bokn Skulefritidsordning og gjeld frå Kl. 07:00 til Kl. 16:30. Skulen er ein mobilfri sone.

Ordensreglementet inneheld reglar for orden og åtferd, reglar for sanksjonar ved brot på ordensreglementet, og reglar om framgangsmåten når desse sakene skal handsamast.

Ordensreglementet gjeld i alle samanhenger der skulen har ansvar for elevane, også utanom ordinær skuletid. Det gjeld i skulefritidsordninga, leksehjelptilbod og på alternative læringsarenaar. Ordensreglementet gjeld i tillegg på skuleveg, medrekna skulebuss. Skulen pliktar å gjere elevar og føresette kjende med ordensreglementet.

2.1 Reglar og konsekvensar ved regelbrot

Bokn Skule skal gje elevane dei beste muligheter for læring og utvikling. Alle må difor bidra til å skapa eit godt læringsmiljø for både elevar og tilsette ved å følgje vanlege reglar for korleis man oppfører seg i skulen og SFO.

§ 2.1.1 Reglar for orden

Elevane ved Bokn Skule skal:

- møta presis til alle timar og avtalar i løpet av skuledagen
- møta førebudde til opplæringa
- gjere skulearbeidet til avtalt tid
- ha med seg nødvendig utstyr
- halde orden på skulesaker/utstyr

§ 2.1.2 Reglar for åtfærd

Elevane ved Bokn Skule skal:

- væra til stades i undervisningsøktene
- halde arbeidsro i timane
- vise hensyn og respekt for medelevar, tilsette og andre som dei møter i skulekvardagen
- retta seg etter beskjedar frå tilsette i timar og friminutta
- ta vare på alt som tilhøyrer skulen og følgje skulens reglar for bruk av hjelpemiddel og anna spesialutstyr
- visa nettvett og følgja reglane til skulen for bruk av mobiltelefoner, datautstyr og digitalt utstyr

§ 2.1.3 Reglar for kva som er uakseptabelt

Skulen aksepterar ikkje at nokon:

- utsettjer medelevar eller vaksne i skulemiljøet for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestengjing på skulen, skulevegen eller gjennom digitale medier
- fuskar i skulearbeidet
- tar med eller nyttar gjenstandar som kan skada personar, bygningar eller inventar på skulens område
- forlet skulen sitt område utan godkjenning frå ansvarleg vaksen
- brukar tobakk, snus eller e-sigarettar
- har med, brukar eller er påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- brukar plagg som heilt eller delvis dekkjar ansiktet eller har støytande innhald
- deltek i aktivitetar som lett kan føra til at ein sjølv eller andre kjem til skade

§ 2.2. Konsekvenser / Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vera på ein slik måte at eleven forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på hendinga. Sanksjonane skal stå i rimeleg høve til regelbrota. Alderen til eleven og føresetnad for å forstå konsekvensen av eigne handlingar, skal takast omsyn til. Sanksjonane skal også koma så nært regelbrota i tid som mogleg.

Kollektiv avstraffing er ikkje tillete. Sanksjonar kan ein berre gi til den eller dei elevane som har gjort seg skuldig i regelbrotet. Fysisk refsing eller anna krenkande handsaming er ikkje tillate. Pålagt arbeid for å rette opp skade er ikkje å rekna som fysisk refsing.

2.2.1 Ved brot på ordensreglane kan dette skje:

Alt etter graden av regelbrot

- Ein i skulepersonalet snakkar med eleven
- Klassestyrar snakkar med foreldra / føresette
- Inspektør / rektor snakkar med eleven
- Rektor snakkar med / sender brev til foreldra / føresette
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført eigedomen til skulen eller eigedelar (utbetra skader, rydde søppel, vaska, fjerna tagging o. l.)
- Vere tilstades på skulen før eller etter skuletid for samtale eller utføring av pålagte oppgåver
- Endring av friminuttid
- Inndraging av gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade
- Inndraging av gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og undervisning
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd, jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 - § 3-7
- Krav om erstatning
- Melding til Politi

Eleven pliktar å overhalde pålagt sanksjon. Dersom dette ikkje skjer kan det påleggast nye sanksjonar.

Det eleven har gjort, kan få ein tidsavgrensa konsekvens i skulekvardagen, som til dømes at eleven blir halden inne i friminutt, eller på annan måte mistar eit gode. Før det blir gjort vedtak om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg for den som tek avgjerdsla.

Dersom brotet på ordensreglane er alvorleg, eller skjer fleire gonger, kan elevar i 8.-10. klasse visast bort frå undervisninga i inntil 3 dagar, og elevar i 1.-7. klasse kan visast bort for einskildtimar eller resten av skuledagen.

Rektor gjer sjølv vedtak om bortvising etter å ha rådført seg med tilsette som arbeider med eleven og kjenner han/ho godt. Før det blir gjort vedtak skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Føresette til elevar i 1.-7. klasse skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

§2.2.2 Nærmare om inndraging

Ulovlege gjenstandar blir overlevert til politiet. Andre inndregne gjenstandar blir levert attende til eleven eller eleven sine føresette.

§ 2.2.3 Nærmare om erstatningskrav

Ved skade eller hæverk på bygningane til skulen og / eller eigendelar, kan eleven i tillegg til å verta pålagt andre sanksjonar etter ordensreglementet, også bli erstatningsansvarleg, jf. Skadeerstatningsloven § 1-1. Føresette kan bli erstatningsansvarlege etter skadeerstatningsloven § 1-2, andre ledd.

§ 2.2.4 Konsekvenstrapp ved Bokn Skule

Med utgangspunkt i konsekvensar ved brot på ordensreglane, har me utvikla ei konsekvenstrapp som viser meir tydeleg utviklinga frå mindre til større regelbrot.

KONSEKVENSTRAPP FOR BOKN SKULE

Skulebytte (enkeltvedtak)	Mobbesakar eller andre Skulemiljøssakar som vedvarer
Utvising (einskildvedtak)	Varsel / melding til politi Helmen varslas
Nedsett ordens- og åtferd karakter (Begrunning / karakterkort)	Bekymringsmelding Barnevernet
Varsel om nedsett ordens- / åtferd karakter (Sendast heim)	Gjentatte forstyringar / skal varslas i god tid for å rette opp / men kan komma med ein gong
Erstatning	Juks på prøvar og innleveringar Gjentatte forstyringar
Samtale med inspektør / Rektor Melding / Telefonsamtale til heimen	Øydelegging av skulens / ansattes / medelevar sin eiendom Foreldra er erstatningsansvarlege inntil kr. 5000,-
Samtale med kontaktlarar Melding / Telefonsamtale til heimen	Mobbing / anna krenkande åtferd Alvorlege brot på ordensreglementet
Inndraging	Gjentatt forstyring på lavare trinn / Medbringing av farleg gjenstand
Notat / Merknad	Mobiltelefon / godteri / brus / Energidrikk / Farlege gjenstander
Tilsnakk	Gjentatt forstyring av undervisninga / Forselntkomming / gløymd utstyr
	Forstyring av undervisninga / Dårlig orden

§ 2.2.5 Presiseringar av reglar ved Bokn Skule

- Det skal gå tydeleg fram av team/gruppe/SFO-reglane at skulen ikkje aksepterer uhøvisk åtferd med munnbruk/banning eller utagering.
- Me må visa omsyn overfor dei som bur eller har sitt arbeid nær skulen, og dermed skapa eit godt tilhøve til naboane våre.
- Farleg leik og åtferd vil bli stoppa.
- Det er ikkje lov å kaste snøball, med unnatak av når det er sett opp blink og er vaksen til stades.
- Syklar og anna transportmiddel skal stå på tilvist plass i skuletid.
- Elevane skal vere ute i frisk luft i friminutt. Avvik frå dette må vere etter avtale med rektor og grunngjeve med vanskelege vêrtilhøve eller omsyn til skulearbeidet. Rektor kan likevel fastsetje at ungdomsskuleelevane skal få vere inn i det store friminuttet (matfriminuttet).
- Til vanleg har elevane ikkje med snop, tyggegummi eller søtsaker til skulen.
- Den som mistar eller øydelegg noko som tilhøyrar andre eller skulen, kan rekne med at dei må erstatte det.
- Det er forbode å ta med eller bruke røykjesaker eller rusmiddel på skuleområdet, på skulevegen, og på arrangement som skulen står for.

- Ingen elev har lov til å gå utanfor skulen sitt område i skuletida utan at det er godkjent av rektor eller lærar.
- Dersom omsynet til drifta av skulen gjer det ønskjeleg eller naudsynt, kan rektor gjere avvik frå ordensreglane for eit kortare, avgrensa tidsrom. Det er viktig at dei avviket får konsekvensar for, som skulepersonalet, elevar og / eller foreldre, blir varsla skriftleg før endringa trer i kraft. Endringar som skal gjelde fast må vedtakast etter dei kommunale reglane for fastsetjing av forskrifta.
- Rektor kan innføre regulering av bruken av sykkel, rulleskøyter eller anna utstyr av liknande art som er berekna til leik eller transport. Reguleringa kan gjelde bruken på veg til og frå skulen og i skuletida. Elevar, foreldre og skulepersonalet skal varslast skriftleg i rimeleg tid før reguleringa trer i kraft. (Jf. Forskrift til opplæringslova § 12-1, e)
- Rektor kan innføre forbod/regulering av bruken av mobiltelefonar eller andre apparat til bruk til kommunikasjon, spel, lydopptak, bildeopptak, avspeling eller liknande. Forbodet/reguleringa kan gjelde bruken på veg til og frå skulen og i skuletida. Elevar, foreldre og skulepersonalet skal varslast skriftleg i rimeleg tid før forbodet/reguleringa trer i kraft.

§ 3.1 Generelt

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9 og § 2-10, og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap. III - kap. VI.

Før det blir tatt avgjersle om sanksjonar, skal eleven ha moglegheit til å forklare seg for den som tek avgjersle. Denne uttaleretten gjeld i forhold til alle typar sanksjonar.

§ 3.2 Einskildvedtak

Ved alvorlige regelbrot der det er aktuelt å nytta sanksjoner som bortvising må det fattas einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 b.

§ 3.3 Sanksjonar utan einskildvedtak

Ved avgjersler som ikkje er einskildvedtak, pliktar skulen å sjå at saka er så godt opplyst som mogleg og at ein eventuell sanksjon er pålagt på eit grunnlag som er forsvarleg i forhold til regelbrota si karakter. Skulen må vurdere om føresette skal kontaktast.

§ 4.1 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå september 2019 i etterkant av Elevrådsmøte, FAU- og SU møte.

Joakim Lund
Rektor Bokn Skule
03.09.2019